

Strategi- og næringsavdelinga

Arkivsak 200800581-42
Arkivnr. 027
Saksh. Fredheim, Ingeborg Lie, Gjerdevik, Turid Dykesteen, Bjørge, Vigdis, Hollen, Sverre

Saksgang

Vestlandsrådet

Møtedato

02.12.2008 - 03.12.2008

VIDARE SAMARBEID MELLOM FYLKESKOMMUNANE PÅ VESTLANDET MED TANKE PÅ Å FREMJE NYNORSKE LÆREMIDDEL

SAMANDRAG

I møtet 18. september vart det bedt om sak om nynorske lærebøker i det einskilde fylke. Det vart også beden om at saka skulle omfatte andre grupper med særskilde behov for tilpassing av læremiddel som hørsle-/synshemma og framandspråklege elevar. Fylkesrådmannen har i denne saka konsentrert seg særleg om samarbeid mellom fylkeskommunane med tanke på å fremje nynorske læremiddel. Han har ikkje kjennskap til at det er problem knytt til læremiddel for hørsels-/synshemma.

Alle fylkeskommunane har opplevd problem med for sein levering av læremiddel. Det ser ut til å vere ein trend at bokmålsutgåvene vert prioritert framfor nynorskutgåvene. Generelt ser det ut til at innkjøpsprosessen for 2008 har fungert betre enn prosessen året før.

Saka drøftar ulike former for samarbeid mellom fylkeskommunar:

1. Felles formuleringar i anbodsgrunnlag og avtaletekst.
2. Felles anbodsutlysing og felles rammeavtale.
3. Samarbeid der alle vestlandsfylka forpliktar seg til ikkje å kjøpe læremiddel som ikkje finst på begge målformer.
4. Felles melding til sentrale styresmakter om problema med å følgje krava i lova og oppmoding om å setje i verk sentrale tiltak.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Samarbeid mellom fylkeskommunane med tanke på å fremje nynorske læremiddel vert teke til drøfting.
2. Vestlandsrådet registrerer at det framleis er problem med å få lærebøker på vidaregåande skuler til rett tid. Dette gjeld spesielt knytt til læremiddel på begge målformer, spesielt innan små fag. Dette er ikkje akseptabelt og fylkeskommunane arbeider difor med sikte på å fremje nynorske læremiddel. Vi vil samstundes oppmode Regjeringa om å leggje til rette for dette, t.d. gjennom press mot bransjen og gjennom tilskotsordningar for lærebøker i smale fag på begge målformer.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg:

FYLKESRÅDMANNEN, 20.11.2008:

Bakgrunn

I opplæringslova §9-4 heiter det: "I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris." Dette inneber at fylkeskommunane ikkje har høve til å nytte læremiddel som ligg føre berre på ei av målformene.

I §17-1 i forskrift til opplæringslova heiter det: "Kravet i opplæringslova §9-4 første ledd skal sikre mest mogleg likt tilbod av læremiddel på begge målformer. Samtidig skal reglane gjere det enklare for elevane å dra nytte av opplæringa, og sikre dei språklege rettane til elevane. Reglane skal ikkje hindre at elevane får ta i bruk eit breitt tilfang av lærestoff i opplæringa"

Fylkeskommunane rapporterte pr 29.08.08 til utdanningsdirektoratet om status for innkjøp av læremiddel ved skulestart. Statusrapport frå Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar er vedlagt.

I møteboka frå Vestlandsrådet frå møtet 18. sept heiter det m.a.:

"Tor Bremer ba om at sak om nynorske lærebøker vert sett på dagsorden i det einskilde fylke og deretter som sak til Vestlandrådet.

Tom Tvedt ba om at saka også bør gjelda lærebøker for hørsle-/synshemma og framandspråklege elevar."

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om prinsippa for det vidare samarbeidet mellom fylkeskommunane på vestlandet med tanke på å fremje nynorske læremiddel. Fylkesrådmannen har ikkje kjennskap til at det er problem knytt til læremiddel for hørsels-/synshemma. Læremiddel knytt til ulike elevgrupper med særskilde behov er godt dekkja gjennom varierte læreverktøy og læringsmateriell. Saka vil såleis gjelde problemstillingar knytt til læremiddel i baa målformer.

Erfaringar frå innkjøp av læremiddel

Alle fylkeskommunane har opplevd problem med for sein levering av læremiddel. Det ser ut til å vere ein trend at bokmålsutgåvene vert prioritert framfor nynorskutgåvene. Innføringa av Kunnskapsløftet parallelt med innføring av ordninga med gratis læremiddel, har truleg vore med å forsterka problema med levering av lærebøker til skulestart for åra 2007 og 2008, m.a. som følgje av at nye læreplanar ikkje har vore ferdige i god nok tid.

Generelt ser det ut til at innkjøpsprosessen for 2008 har fungert betre enn prosessen året før. Fylkeskommunane ser det som lite tilfredsstillande at lærebøker vert levert etter skulestart eller at det ikkje vert prioritert å gi ut lærebøker innan einskilde fagområde.

Etter lova kan det berre kjøpast inn læremiddel som finst på begge målformer til same tid og pris. Fleire skular oppgir likevel å ha kjøpt læremiddel som berre finst på bokmål. Dette vert begrunna med at alternativet er ikkje å ha læremiddel/bøker, då læremidlane ikkje finst på nynorsk. I einskilde tilfelle kan det tenkjast at skular, ut frå pedagogiske omsyn, vel bokmålsbøker sjølv om andre forlag kan ha tilbod om læremiddel på nynorsk i faget.

Bøker som ikkje blir utgitt på nynorsk er i hovudsak knytt til "smale" fag med få elevar. Ein ser også at det manglar bøker på nynorsk innan einskilde tema innanfor breiare fag.

For neste skuleår skal det kjøpast læremiddel til Vg1-elevane. Kunnskapsløftet har vore innført på dette trinnet to år tidlegare, og det er å forvente at læremidla er ferdigstilt frå forlaga innan skulestart. . For Vg2 og Vg3 vil innkjøp av bøker i stor grad innebere supplerings, ettersom alle fylka har ei utlansordning for bøker. Det vil framleis vere ei utfordring knytt til små fag.

Det vil framleis vere ei utfordring knytt til små fag. Innføring av ordning med elev-pc og krav om digital kompetanse har auka produksjon og tilgang på digitale læremiddel. Det er ei utvikling som går i retning av bruk av ulike lærestoff – trykte og digitale – som står opp om læreplanmåla i dei ulike faga og bort frå læreboka som det eine og heile svaret på krav i læreplanane. Auka bruk av digitale læremiddel vil ha innverknad også på volumet av bokinnkjøpet.

Fylkeskommunane har alle, minus Oslo, løyvd midlar til NDLA (Nasjonal Digital Læringsarena) for utvikling av digitale læremiddel. NDLA vil tilby gratis tilgang på læremiddel på Vg1 innan faga Helse- og sosial, naturfag, norsk (desse tre faga er tilgjengeleg i dag), engelsk, kroppsøving, samfunnsfag og matematikk frå neste haust. Det vert og arbeidd for å tilby læremiddel innan Teknikk og Industriell produksjon, elektrofag og Restaurant- og matfag for Vg1-elevane. NDLA tilbyr læremiddel på begge målformer og med vekt på universell utforming. I tillegg til fylkeskommunane sine løyvingar, har Kunnskapsdepartementet, KD, løyvd midlar til NDLA.

Prinsipp ved inngåing av nye rammeavtalar - strategiar for å fremje nynorske læremiddel

Ein kan sjå føre seg følgjande moglege strategiar/prinsipp:

Innarbeide sanksjonar i nye rammeavtalar

Eventuelle sanksjonar må knyttast til for sein levering, evt. til leveringsudyktigheit grunna mangel av læremiddel på nynorsk. Dette vil leggje større press på fylkeskommunen sin avtalepart, og vil truleg bidra til at denne vil arbeide aktivt mot forlaga for å sikre læremidlar på begge målformer.

Innarbeide kravet om læremidlar på begge målformer i avtaletekst

For å leggje meir trykk på kravet om læremiddel på begge målformer, vil det vere føremålstenleg å få inn ei formulering i avtaleteksten, tilsvarande kravet i opplæringslova.

Ut frå kravet i opplæringslova, burde ein vere kategorisk på at læremiddel ikkje skal kjøpast dersom dei ikkje finst på begge målformer til same tid og same pris. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil eit slikt pålegg ikkje vere forsvarleg, då dette kan føre til at elevar, i einskilde fag, ikkje får læremiddel før langt ut i skuleåret, eller ikkje får læremiddel i det heile, jf §17-1 i forskrift til opplæringslova.

Avgrense fridomen til lokalt val av læremiddel

Forlaga hevdar at årsaken til at nynorsk-utgåvene av læremiddel innan einskilde fagområde ikkje vert prioritert, er at det ikkje er økonomisk lønsamt å gje ut læremiddel på nynorsk. Dette gjeld særskilt innan ”små” fag. Moglege ordningar for å auke produksjon og omfang av innkjøp for einskilde læremiddel kan vere: felles innkjøp i samarbeid mellom skular, felles innkjøp i fylkeskommunen eller felles innkjøp i samarbeid mellom fylkeskommunar. Det å vere ein stor innkjøpar vil kunne gi større marknadsmakt og bidra til betre grunnlag for produksjon av læremiddel på nynorsk. Dette vil samstundes vere ei radikal endring som vil ta frå skulane deira lokale fridom til val av læremiddel. Dette vil også kunne bidra til eit fagleg ”smalare” tilbod av læremiddel.

Som konsekvens av innføring av ordning med berbar pc for elevar, vil likevel den lokale fridomen til val av læremiddel vere noko avgrensa då det er ei føresetnad at skulane nyttar tilgjengelege læremiddel frå NDLA i opplæringa. Desse læremidla ligg føre både på nynorsk og bokmål.

Samarbeid med andre fylkeskommunar – grader av samarbeid

Som nemnt over, vil samarbeid mellom skular eller mellom fylkeskommunar kunne gi større marknadsmakt – og vil altså kunne auke høvet til å påverke tilbodet om læremiddel.

Når det gjeld samarbeid mellom fylkeskommunar kan ein sjå føre seg ulike grader av samarbeid:

1. Felles formuleringar i anbudsgrunnlag og avtaletekst. Dette gjeld kravet om læremiddel på begge målformer. Ei tydeleggjering av kravet om læremiddel på begge målformer til same tid og pris vil ikkje gi større ”marknadsmakt” til innkjøpar, men vil kunne gi auka fokus på problematikken rundt nynorske læremiddel og ut frå dette kunne gi positiv effekt når det gjeld utvalet av nynorske læremiddel. Det bør også arbeidast for å få inn felles formuleringar knytt til krav om læremiddel innan alle små fag.
2. Felles anbudsutlysing og felles rammeavtale. Dette vil vere ein omfattande og ressurskrevjande prosess, då dette inneber at fylkeskommunane må kome til semje om innhald i og vekting av alle punkt i anbudsutlysing og avtaletekst. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at eit slikt samarbeid i seg sjølv skal kunne vere eit verkemiddel for å sikre breiare tilgang på læremiddel på begge målformer og vil difor ikkje kunne forsvare ein slik ressursbruk.
3. Samarbeid der alle vestlandsfylka forpliktar seg til ikkje å kjøpe læremiddel som ikkje finst på begge målformer. Eit slikt samarbeid vil truleg på sikt gi positiv effekt når det gjeld tilgangen på nynorske læremiddel. Fylkesrådmannen meiner likevel at tiltaket ikkje kan forsvarast av omsyn til elevar som ikkje får tilgang på læremiddel dei skal ha.
4. Felles melding til sentrale styresmakter om problema med å følgje krava i lova og oppmoding om å setje i verk sentrale tiltak (t.d. tilskotsordningar) for å fremje produksjon av læremiddel:
 - a. på begge målformer til same tid og pris
 - b. innan alle (også små) fag

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at følgjande prinsipp kan bli lagt til grunn for det vidare samarbeidet mellom fylkeskommunane på vestlandet med tanke på å fremje nynorske læremiddel:

- a. Innarbeide sanksjonar i ny rammeavtale.
- b. Innarbeide kravet om læremiddel på begge målformer i anbudsgrunnlag og avtaletekst. Arbeide for å få felles formulering med dei andre fylkeskommunane på vestlandet.

Det vil vere dei respektive fylkeskommunane som må ta stilling til om dei ønskjer å samarbeide med andre fylke med sikte på å fremje nynorske læremiddel.

Fylkesrådmannen vil også rå til at Vestlandsrådet oppmodar Regjeringa om å leggje til rette for dette, t.d. gjennom press mot bransjen og gjennom tilskotsordningar for lærebøker i smale fag på begge målformer.